



**DET KONGELIGE  
MILJØVERNDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Arkiv	: <input checked="" type="checkbox"/>
Avd. kopibok:	
Kopibok	: _____
Sirk.	: _____
Intern kopi	: _____
Saksb. kopi	: _____
Eksp. av	: <i>WB</i>
Svar på dok.nr.:	

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Deres ref  
gsk

Vår ref  
2001/3027-II P/LE  
Ark: 722 *Møre og Romsdal*

Dato [ **7 MAR 2002**

## **FYLKESDELPLAN TRANSPORT 2002 - 2011 FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESKommUNE**

Vi viser til brev av 18. oktober 2001 med oversending av "Fylkesdelplan transport 2002-2011" vedtatt av fylkestinget 19. juni 2001. Miljøverndepartementet har handsama planen i samråd med Samferdsledepartementet og andre berørte departement.

### **Vedtaks:**

**Miljøverndepartementet godkjenner i medhold av § 19-4 i plan- og bygningsloven "Fylkesdelplan transport 2002-2011", vedtatt av fylkestinget i Møre og Romsdal 6. juni 2001, med dei merknadene som er nemnde nedanfor.**

### **Departementa sine merknader til planen:**

Føremålet med fylkesdelplan for transport i Møre og Romsdal er å samordne statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel saman med dei ulike sektorane, for å utvikle dei beste transportløysingane for brukarane. Planen er ein regionalisering av Nasjonal transportplan 2002-2011, og skal gi strategiar og retningslinjer for transportsystemet i Møre og Romsdal dei neste 10 åra.

Miljøverndepartementet er samd i hovudmålsetjingane i planen, der ein ser arealbruk i samanheng med transport som verkemiddel for å unngå unødvendig transport. Trafikktrygging og samfunnsnytte er grunnlag for prioriteringane.

Fylkeskommunen etterlyser ein klårare heimel frå staten i form av lovendingar eller nye retningslinjer for praktisering av samordning av arealbruk, næringsutvikling og transportutvikling. Miljøverndepartementet har merka seg etterlysinga.

Fylkeskommunen meiner at Møre og Romsdal får for lite av statlege investeringar til infrastruktur, og krev ei kraftig auke i midlar til samferdsel totalt til Møre og Romsdal grunna i stor verdiskaping og eksport av varer i fylket. Fylkeskommunen foreslår og ein rekkje enkelttiltak dei ønskjer å gjennomføre. Dette gjeld satsing på ulike transportstrekningar med forbetra vegstandard, betre kollektivtransporttilbod, og hyppigare ferjeavgangar. Fylkeskommunen ønskjer og ei opning for at oljefondsmidlar kan bli brukt som ansvarleg lånekapital til OPS-organisert utbygging, og at ferjetilskott og hurtigbåttilskott kan bli brukt til delfinansiering av faste vegsamband.

Miljøverndepartementet viser her til at Stortinget hausten 2001 handsama St.meld. nr. 46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002-2011, bl.a. på bakgrunn av handsaminga i fylkeskommunen av handlingsprogrammet for planen. Handlingsprogramma for Statens vegvesen er for den første fireårsperioden detaljert for kvart år og blir lagt til grunn for dei årlege budsjetta.

Når det gjeld utfordringar frå fylkeskommunen til anna transportsystem som kollektivtilbod og ferjeavgangar, viser vi generelt til at Regjeringa vil legge fram sitt syn på desse spørsmåla i samband med stortingsmeldinga om kollektivtransport og/eller Kommuneproposisjonen for 2003.

Alternativ bruk av ferjetilskott er omtalt i St.prp. nr.1 (2001-2002). I tillegg nr. 4 til denne stortingsproposisjonen blir det lagt til grunn at eventuelt innsparte midlar ved ferjeavløsningsprosjekter synleggjerast og takast omsyn til.

Miljøverndepartementet meiner det er positivt at Møre og Romsdal fylkeskommune legg spesiell vekt på omsynet til barn og unge, samt å integrera tilrettelegging for funksjonshemma i den generelle aktiviteten i samferdselssektoren.

Fylkeskommunen legg vekt på ABC-metoden når det gjeld verksemder og oppfølging frå kommunane. ABC- metoden er og ein metode for å lokalisere områder for bustader og næring rett i forhold til transportsystemet. ABC- metoden krev ein regional tilnærming, og fylkeskommunen og regional stat må arbeide saman med kommunane for å få eit vellukka resultat.

Fylkeskommunen skal ha honnør for ønskje om å arbeide for betre forskning og utvikling på transportområdet, i samarbeid mellom dei lokale aktørane innan forskning og utvikling, samt transportetatane. Dette kan gi eit nyttig tillegg til det som blir gjort på dette området frå statens side – hovudsakleg gjennom Vegdirektoratet.

Vi gjer merksam på at godkjenninga av fylkesdelplanen ikkje fører til automatisk binding av statlege midlar til gjennomføring av strategier og tiltak i planen. Bidrag til den konkrete oppfølginga av planane må bli avklart direkte med dei aktuelle statlege styresmaktene.

Vi viser elles til fylkesplan for Møre og Romsdal godkjent i kongeleg resolusjon 21. desember 2001.

Med helsing

  
Børge Brende

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Kommunene i Møre og Romsdal  
SD, AAD, FBT, KR, LD, NHD